

Stadig større konflikt i SSB

Måndag vart Statistisk sentralbyrås kanskje mest kjende økonom, Erling Holmøy, fråteken tittelen som forskar.

SSB

JON HUSTAD
jon@dagogtid.no

På SSBs heimesider kan vi lese dette om kva som er føremålet med SSB: «Statistisk sentralbyrå (SSB) har hovedansvaret for å dekke behovet for statistikk om det norske samfunnet. Offisiell statistikk er nasjonens felles faktagrunnlag og viktig for et levende demokrati. Statistikk skal speile samfunnet og vise utviklingstrekk for befolkning og levekår, økonomi, miljø og næringsvirksomhet.»

Ein av dei som har utarbeidd mest nye resultat basert på modellutvikling og analyser, særleg om omsorg, produktivitet, pensjon og innvandring, er Erling Holmøy – ein av SSBs mest kjende økonoma og forskarar og den som truleg har levert flest analysar til Finansdepartementet i dei seinare åra. Eller rettare sagt: forskar hev vore. Måndag fekk den tidlegare forskingsleia nemleg melding frå den nye leiinga om at han er avsett som forskar og skal omplasera til ei anna avdeling enn forskingsavdelinga.

Då avsettinga vart kjend mellom norske økonoma, kom det ein del frustrasjon til uttrykk på sosiale medium. Torbjørn Eika, som også er tidlegare forskingsleiar og ansvarleg for konjunkturanalysar i SSB, gjekk før i år over til ny stilling som sjeføkonom i KS. Det gjorde han grunna alle dei varsla omorganiseringane i nett SSB. Som Eika sa til



Slik ser den nye makta i SSB ut. Christine Meyer omorganiserer SSB fundamentalt.
Foto: Fredrik Varfjell / NTB scanpix

Dagens Næringsliv då han bytte arbeid: «Jeg er litt bekymret for utviklingen i SSB på flere måter. Det som bekymrer mest, er manglende vektlegging av det viktige samfunnsoppdraget det er å utarbeide og formidle analyser og prognosar over økonomisk utvikling – som arbeidsverktøy for forvaltningen og andre. Slik sett er det kanskje litt feigt å forlate byrået nå. Jeg har ingen tro på at mange publiseringar i fremstående forskningstidsskrifter er viktig for å lage gode modeller og prognosar for utviklingen i norsk økonomi.»



Slik ser ein tidlegare forskar ut. Erling Holmøy vart måndag denne veka avsett som forskar ved SSB. Foto: SSB

LÅGPUNKT

På Facebook sa han dette no tysdag om avsettinga av Holmøy: «Dette er intet høydepunkt i SSBs historie». Professor og samfunnsøkonom Rasmus Espen Moen ved BI uttrykte seg endå enklare: «Jeg er i sjokk.» Lista over leiande norske samfunnsøkonoma som uttrykte seg kritisk om avsettinga av Holmøy, vart etter kvart lang. Sjølv sa Holmøy dette til Nettavisen: «Jeg er lei meg og sint. Dette er urimelig.» Og på spørsmål om innvandringsrekneskapen som Holmøy har utarbeidd, var ein av grunnane til at han vart fjerna, svarte han slik: «Det er på det rene at deler av ledelsen er skeptiske og kritiske til mine analyser. Det inkluderer SSB-sjef Christine Meyer.»

Ein av Noregs mest sentrale makroøkonoma den siste generasjonen uttrykker det slik til underskrivne:

– Holmøy har arbeidd med aktuelle økonomisk-politiske spørsmål, pålagde av SSB etter at Finansdepartementet har peika ut disse spørsmåla som særleg viktige: produktivitet og berekraft i offentlege finansar, som vel må vere dei viktigaste spørsmåla for eit finansdepartement. Det vert han no straffa for, og han må kjenna seg ført bak lyset. Har forskingsdirektør Kjetil Telle og administrerande direktør Meyer nokon gong vore sentrale i slike samfunnsoppdrag? Finansdepartementet bad i 2015



No ser det ut som dei såkalla mikroøkonoma, som forskar på grunnleggjande menneskeleg åferd, har v

SSB legge fram ein dokumentasjon av berekningane av offentlege finansar som skulle lagast for Brochmann-utvalet. Han ligg ikkje føre, men det kjem ikkje av sommel frå Holmøy. (Telle har så langt ikkje godkjent Holmøys dokumentasjon, red. merk.) For å seia det kort: Degraderinga av Holmøy er eit særslig resultat av den prosessen Meyer og Telle no driv.

svarte ho dette på spørsmål fra Dagsavisen om kva ho ville gå i demonstrasjonstog for: «Å sikre at vi fortsatt har innvandring til Norge.» Ho tykte at det var «grusomt» at sentrale norske politikarar åtvarta kommunane mot å taka mot mange flyktningar. Den som åtvarta kommunane, var elles sjefen hennar, Siv Jensen.

Leiinga i SSB avviser sjølv sagt at omplasseringa handlar om temaval frå Holmøys side.

«Statistisk sentralbyrå (SSB) har hovedansvaret for å dekke behovet for statistikk om det norske samfunnet.»

SSBs føremål

MEYER FOR INNVANDRING

Men kvifor kan Holmøy og mange med han seia at dette mellom anna handlar om innvandringsrekneskapen? Vel, Christine Meyer har sagt at om ho hadde vore SSB-sjef då Finansdepartementet på vegner av Brochmann-utvala tinga ein innvandringsrekneskap, hadde ho sagt nei til oppdraget. I mars i år sa ho at denne rekneskapen var eit «sårt punkt» for henne, og då ho vart tilsett som SSB-sjef i 2015,

Til Minerva fortel Telle at dette handlar om forskingspublisering på høgste nivå, altså i forskingstidsskrift som vert definert som «nivå 2». I tillegg seier han at vedtaket får konsekvensar for 25 andre tilsette i SSB: «SSBs ledergruppe vedtok tidlig i september å redusere antall medarbeidere på forskningsavdelingen fra om lag 75 til under 50.» Holmøy er med andre ord ikkje den einaste som vert omplassert, men han er truleg den av forskarane som no